



Byggadministrasjon Harald Bjørndal As
Postboks 103
5649 Eikelandsosen

Referansenr.	Saksnr.	Saksh.	Dykkar ref.	Vedtaksdato
26/47101	26/4751	Arild Knutsen - 56 57 50 00 post@bjornafjorden.kommune.no		16.06.2026

Vedtak om dispensasjon og løyve i eitt trinn - 124/7, Fusavegen 161 - Riving av naust, nybygg naust og utlegging av flytebrygge

Tiltak:
Byggjestad: Gbnr: 124/7
Tiltakshavar:
Ansvarleg søkjar:

Delegasjonssak nr.: 461/2026

Vedtak

Dispensasjon

Bjørnafjorden kommune gir dispensasjon frå tiltaksforbodet langs sjøen, etter plan- og bygningslova § 1-8, for riving og oppføring av nytt naust, slik det går fram av søknaden.

Grunngjevinga for vedtaket går fram av saksutgreiinga. Vedtaket er gjort med heimel i pbl. § 19-2.

Avslag på søknad om dispensasjon

Bjørnafjorden kommune avslår søknad om dispensasjon frå tiltaksforbodet langs sjøen etter pbl. § 1-8 og søknad om dispensasjon frå arealbruksformålet «bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone» for utlegging av flytebrygge.

Grunngjevinga for vedtaket går fram av saksutgreiinga. Vedtaket er gjort med heimel i pbl. § 19-2.

Løyve i eitt trinn

Bjørnafjorden kommune gir løyve i eitt-trinn for riving av naust og oppføring av nytt naust på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan mottatt 11.05.2026, med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Tiltaksklasse blir godkjend slik det er søkt om.

Vedtaket er gjort med heimel i pbl. § 20-1, jf. § 20-3.

Vedtak om avslag på byggesøknad

Bjørnafjorden kommune gir avslag på søknad om løyve i eitt trinn for etablering av flytebrygge slik som det går fram i søknad av 11.05.2026.

Tiltaket det er søkt om er i strid med tiltaksforbudet langs sjøen etter pbl. § 1-8 og med arealbruksformålet «bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone». Det er ikkje gitt dispensasjon frå desse forholda, og søknaden blir avslått på grunnlag av dette.

Før det blir gitt ferdigattest / mellombels bruksløyve for det godkjente tiltaket skal følgande ligge føre:

1. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

Generelle vilkår:

Løyvet er gyldig i 3 år frå vedtaksdato, og ein må ha fysisk sett i gang tiltaket før denne fristen. Er ikkje tiltaket lovleg igangsett før dette, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom arbeidet stoppar i lengre tid enn 2 år, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld òg dispensasjonsløyvet. Dersom ein ønsker å endre tiltaket i høve til denne godkjenninga, må det søkast særskilt om dette. Kopi av dette vedtaket og andre saksdokument skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Informasjon om tilsyn

Byggesak prioriterer tilsyn med følgjande område, jf. Tilsynsstrategien 2025-2026:

1. At det er utarbeidd dokumentasjon for oppfylling av krav til sikkerheit mot naturfarar, jf. SAK10 § 5-4.
2. At etablering av hyblar eller bueiningar i eksisterande bygg er omsøkt og lovlege, jf. SAK10 § 2-1 og § 2-2. Det vil være eit særleg fokus på at tekniske krav er oppfylt ved bruksendring til sjølvstendig bueining.

Dersom de blir valt ut som tilsynssak i høve desse område, vil de få eit skriv av tilsynsavdelinga med nærare informasjon.

I tillegg prioriterast stadleg og/eller dokument tilsyn ved søknad om ferdigattest og mellombels bruksløyve, særleg ved nybygg bustad og større næringsbygg. Tilsynsavdeling tek kontakt for avtale om tilsyn.

Ved søknad om ferdigattest må de sende inn stikningsdata for tiltaket. Koordinatar skal leverast i digitalt format med koordinatar i koordinatsystem Euref89 og med temakodar i samsvar med gjeldande SOSI-produktspesifikasjon.

1. Saksopplysningar

1.1. Tiltak

Saka gjeld søknad om riving av eit eksisterande naust, oppføring av nytt naust og utlegging av flytebyggje på gbnr. 124/7, Fusavegen 161. I søknaden blir det forklart at det eksisterande naust er av eldre dato og i dårleg teknisk stand, og at det blir ikkje vurdert som formålstenleg å rehabilitere dette. Det er difor planlagt å rive dette og føre opp eit nytt naust med tilnærma same storleik og funksjon. Det nye naustet, som skal vere eit enkelt bygg med saltak og tradisjonell materialbruk, skal ha eit bruksareal på om lag 24,8 m² og bli oppført i tilsvarande volum og skala som det eksisterande bygget. Når det gjeld flytebyggja så er denne 2 x 6 meter med ein landgang på om lag 5 meter. Det blir elles vist til søknad motteke 11.05.2026, med tilleggsinfo motteke 20.05.2026.



1.2 Planstatus

Den delen av eiedommen som på land, ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for «Friområde Hagafjora, Austestad» (jf. planid.: 1241199201) er definert som bustad. Då det ikkje er sett byggegrense mot sjø i reguleringsplanen er tiltaket avhengig av dispensasjon frå tiltaksforbodet langs sjøen etter pbl. § 1-8. Den delen av eiedomen som ligg i sjøen har arealbruksformålet «bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone». Dermed der det å liggje ut flytebyggje avhengig av dispensasjon frå dette formålet.

1.3. Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

1.4. Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 13.04.2026. Naustet vil bli plassert 1,6 meter frå ein avstand til nabogrensa. Det ligg føre samtykke for denne avstanden frå eigar av gbnr. 123/19, datert 14.06.2026.

Tiltaket skal plasserast i terrenget av godkjent føretak. Dokumentasjon for plassering skal sendast inn til kommunen for ajourføring av kart. Koordinatar skal leverast i digitalt format med koordinatar i koordinatsystem Euref89 og med temakodar i samsvar med gjeldande SOSI-produktspesifikasjon

1.5. Vatn og avløp (VA)

Ikkje relevant / ingen endring.

1.6. Tilkomst, avkøyrsløp og parkering

Ikkje relevant / ingen endring.

1.7. Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Ansvarleg søkjar har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

1.8. Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK 17), jf. pbl. § 29-5.

1.9. Uttale frå anna mynde

Søknad om tiltak/dispensasjon er sendt på uttale til Statens vegvesen, Vestland fylkeskommune, Statsforvaltaren i Vestland og Bergen Havn Farvannsforvaltning IKS.

Det er mottatt uttale frå Statsforvaltaren i Vestland som i brev av 26.05.2026 skriv at det er liten tvil om at flytebyggja og landgangen vil bli synleg frå omgjevnadene, og at dette vil få negativ verknad for strandsone- og landskapsverdiane. I brevet syner dei forståing for prosjektet med naustet.

2. Dispensasjon

Tiltaket krev dispensasjon frå tiltaksforbodet langs sjø, etter pbl. § 1-8, og dispensasjon frå arealbruksformålet i sjø, som er «bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone»

2.1. Grunngeving:



Naustet

Når det gjeld det å dispensere frå pbl. § 1-8 for naustet, legg søkjar vekt på at tiltaket vil ikkje vesentleg tilsidesette strandsonevernet. Søkjar syner til at dette er ikkje eit nytt inngrep i strandsona, men ei vidareføring av eksisterande situasjon. Difor meiner søker at omsyna bak tilgjenge, natur, landskap og allmenn tilgang blir ikkje vesentleg svekte. Søkjar skriv òg at det nye naustet vil bli oppført der det gamle naustet står i dag og med same volum. Det skal ha saltak og tradisjonell materialbruk. Utforminga skal vere tilpassa lokal byggjeskikk og landskap.

Når det gjeld fordelane ved tiltaket, peiker søkjar på at riving av eit gammalt og forfalle naust bidrar til å rydde opp i området og til å gje eit betre heilskapsinntrykk av landskapet. Dette blir vidare styrkt ved at det nye naustet skal oppførast som eit funksjonelt bygg med ei utforming som er estetisk tilpassa både lokal byggjeskikk og omgjevnadene. Vidare framhevar søkjar at prosjektet legg til rette for ei meir rasjonell bruk av området ved å samle funksjonar som naust og bryggje på ein stad. Dette kan gi betre orden og redusere behovet for spreidd arealbruk i strandsona. Samla sett meiner søkjar at tiltaket ikkje inneber nokon ny eller utvida bruk, men heller ei oppgradering og vidareføring av eksisterande bruk, der kvaliteten på både bygget og omgjevnadene blir betra.

Flytebryggje

Når det gjeld det å legge ut flytebryggje og dispensere frå arealbruksføremålet «bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsoner», legg søkjar vekt på at det vil ikkje skje ei vesentleg tilsidesetting av viktige omsyn. Søkjar argumenterer her med at flytebryggja er planlagt i direkte tilknytning til naustet og til ein etablert bruk av eigedomen, i eit område som frå før er prega av sjørelatert aktivitet. Ifølgje søkjar representerer såleis ikkje eit nytt inngrep i eit urørt område, men blir ei vidareføring av eksisterande bruksmønster.

Ei flytebryggje blir difor vurdert som nødvendig for å sikre trygg og føremålstenleg bruk av Samstundes blir det understreka at tiltaket er avgrensa i omfang, noko som reduserer potensialet for negative verknader på natur, landskap og allmenn bruk.

Søkjar framhevar òg dei naturgitte tilhøva på staden. Området ligg skjerma frå ope fjorddrag, og nærliggjande holmar fungerer som naturlege bølgebrytarar som gir rolege sjøforhold. Dette gjer plasseringa godt eigna for ei mindre flytebryggje med avgrensa eksponering og påverknad. Etter søkjar si vurdering medfører dette at tiltaket ikkje kjem i vesentleg konflikt med omsyna bak arealformålet, som mellom anna er å ta vare på natur- og friluftsinteresser, sikre landskapsomsyn og allmenn bruk av sjøområda, og hindre uheldige inngrep og privatisering i strandsona. Ifølgje søkjar vil ikkje tiltaket, på grunn av si avgrensa utstrekning, funksjonelle nødvendighet og plassering i eit allereie påverka område, ikkje setje desse omsyna vesentleg til side. Ifølgje søkjar er difor det første vilkåret for dispensasjon etter pbl. § 19-2 er oppfylt.

Når det gjeld spørsmålet om fordelane ved tiltaket er klart større enn ulempene legg søkjar særleg vekt på at tiltaket er nødvendig for å sikre trygg og føremålstenleg båtåtkomst i eit område som er svært langgrunt, og der det i dag er vanskeleg å leggje til utan tilrettelegging. Samstundes blir det framheva at bryggja blir etablert i direkte tilknytning til eksisterande naust og etablert bruk, noko som inneber ei samling av funksjonar og ei vidareføring av dagens situasjon, heller enn ei ny utbygging. Søkjar peikar vidare på at tiltaket har avgrensa omfang, både i storleik og visuell påverknad, og at dei rolege sjøforholda på staden gjer plasseringa naturleg og godt eigna. Det blir òg understreka at bryggja i liten grad vil hindre ferdsel eller annan bruk av sjøområdet for allmenta.



Når det gjeld ulempene, erkjenner søker at tiltaket inneber eit inngrep i strandsona og sjøområdet, og at det kan gi noko visuell påverknad og eit visst auka preg av privatisering lokalt. Desse ulempene blir likevel vurderte som avgrensa, mellom anna fordi tiltaket er lite og knytt til eksisterande bruk. Søkar meiner med dette at fordelane i form av betre tryggleik, funksjonalitet og ei oppgradering av eksisterande bruk, veg klart tyngre enn det ulempene.

Sjå elles vedlagt søknad.

2.2. Regelverk:

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gi dispensasjon etter pbl. § 19-2.

For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det blir dispensert frå, plan- og bygningslova sin formålsparagraf eller nasjonale eller regionale interesser ikkje bli vesentleg sett til side. For det andre må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering. Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggst særleg vekt på konsekvensane dispensasjonen har for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan sette vilkår for dispensasjonen, jf. pbl. § 19-2. Vilkåra må ligge innanfor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vere ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulemper dispensasjonen kan medføre, jf. Ot.prp. nr. 56 (198485) s 102.

2.3. Vurdering:

Omsynet bak byggjeforbodet i strandsona er å gje strandsona eit særskilt vern og halde den fri for tiltak for å sikre allmenta sine interesser, spesielt ferdsle og friluftinteresser, landskapsomsyn og verneinteresser.

Omsynet bak arealbruksformålet «bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsoner» er kunne å balansere ønsket om å utnytte og beskytte sjø- og vassdragsområde, og å kunne sikre at ikkje éin type bruk fortrengjer andre typar bruk. Dette inneber at ein må finne ei balansert forvaltning der bruk og vern går hand i hand, slik at naturverdiar, næringsinteresser og allmenn bruk tatt vare på.

Kommuneadministrasjonen si vurdering av naust

Spørsmålet er først om dispensasjon vil føre til vesentleg tilsidesetting av omsyna bak strandsonevernet etter pbl. § 1-8, formålsparagrafen eller nasjonale eller regionale interesser.

I søknaden viser søker til at dette ikkje er eit nytt inngrep i strandsona, men ei vidareføring av eksisterande situasjon. Difor meiner søker at omsyna bak tilgjenge, natur, landskap og allmenn tilgang ikkje blir vesentleg svekte. Søkar skriv òg at det nye naustet vil bli oppført der det gamle naustet står i dag og med same volum, og at det skal ha saltak og tradisjonell materialbruk tilpassa lokal byggjeskikk og landskap.

Kommuneadministrasjonen legg til grunn at tiltaket i hovudsak er ei gjenoppføring av eit eksisterande naust, og ikkje etablering av eit nytt tiltak i urørt strandsoner. Etter administrasjonen si vurdering inneber dette at tiltaket ikkje fører til ei ytterlegare privatisering eller nedbygging av strandsona, samanlikna med dagens situasjon. Vidare vurderer administrasjonen at plasseringa – som er identisk med eksisterande bygg – gjer at tilkomsten for allmenta langs strandlina i liten grad blir påverka. Tiltaket endrar ikkje



bruken av arealet utover det som allereie er etablert, og det oppstår difor ikkje nye barrierar for ferdsel.

Når det gjeld omsynet til natur og landskap, legg administrasjonen vekt på at naustet skal oppførast med tradisjonell utforming, saltak og materialbruk som er typisk for området. Ei slik tilpassing bidrar til å dempe landskapsverknaden og sikrar at tiltaket står fram som ein naturleg del av det eksisterande miljøet. Sidan volumet ikkje blir auka, vil heller ikkje den visuelle påverknaden bli større enn slik som denne er i dag.

Vurderinga er at dispensasjon ikkje vesentleg tilsidesett omsyna bak strandsonevernet etter pbl. § 1-8, formålsparagrafen eller nasjonale eller regionale interesser.

Spørsmålet er om det er «klart» større fordelar enn ulemper med å gje dispensasjon.

I søknaden viser søkjar til at riving av eit gammalt og forfalle naust bidreg til å rydde opp i området og til å gje eit betre heilskapsinntrykk av landskapet. Dette blir vidare styrkt ved at det nye naustet skal oppførast som eit funksjonelt bygg med ei utforming som er estetisk tilpassa både lokal byggeskikk og omgjevnadene. Vidare framhevar søkjar at prosjektet legg til rette for ei meir rasjonell bruk av området ved å samle funksjonar som naust og bryggje på ein stad. Dette kan gi betre orden og redusere behovet for spreidd arealbruk i strandsona. Samla sett meiner søkjar at tiltaket ikkje inneber nokon ny eller utvida bruk, men heller ei oppgradering og vidareføring av eksisterande bruk, der kvaliteten på både bygget og omgjevnadene blir betra.

Kommuneadministrasjonen legg etter dette til grunn at tiltaket i hovudsak inneber ei opprydding og kvalitetsheving i strandsona, gjennom fjerning av eit forfalle bygg og oppføring av eit nytt naust med betre tilpassing til omgjevnadene.

Vidare vurderer vi det slik at det nye naustet, med si tradisjonelle utforming og avgrensa volum, vil inngå meir naturleg i landskapet og dermed redusere den samla visuelle belastninga i området. Dette talar for at tiltaket gir ein klar fordel samanlikna med dagens situasjon.

Når det gjeld ulempene, vurderer administrasjonen at desse i hovudsak er knytte til at tiltaket ligg innanfor strandsona og slik sett inneber eit unntak frå det generelle tiltaksforbodet. Likevel er ulempene avgrensa, ettersom tiltaket ikkje medfører ny privatisering eller utvida bruk, men erstattar ein eksisterande situasjon

Vurderinga er at det er «klart» større fordelar enn ulemper med å gje dispensasjon.

«Kan»-vurdering

Då ein har funnet at dei materielle vilkåra for dispensasjon er oppfylt, «kan» det bli gitt dispensasjon. Det blir vist til praksis i Bjørnafjorden kommune, kor det blir sagt ja til dispensasjon dersom det ikkje er avgjerande grunnar som talar for å seie nei. Det føreligg ikkje slike avgjerande grunnar, og ein nyttar derfor «kan»-skjønnen til å godkjenne dispensasjon.

Kommuneadministrasjonen si vurdering av flytebryggje

Spørsmålet er først om dispensasjon vil føre til vesentleg tilsidesetting av omsyna bak strandsonevernet etter pbl. § 1-8, arealbruksføremålet «bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsoner», formålsparagrafen eller nasjonale eller regionale interesser.



I søknaden viser søker til at etablering av flytebryggje i direkte tilknytning til naust og eksisterende bruk ikkje vil medføre ei vesentleg tilsidesetting av omsyna bak tiltaksforbodet etter plan- og bygningslova § 1-8 eller arealbruksføremålet «bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsoner».

Søkar legg vekt på at tiltaket er avgrensa, funksjonelt nødvendig og plassert i eit område som allereie er prega av sjørelatert aktivitet, og at dette samla sett reduserer potensialet for konflikt med natur-, landskaps- og friluftssyn.

Kommuneadministrasjonen sluttar seg ikkje til denne argumentasjonen. Vi vil med dette peike på at sjølv om flytebryggja er avgrensa i omfang, så inneber ho ein ny installasjon i sjøområdet. I motsetnad til eit naust som erstattar eksisterande bygg, representerer flytebryggja eit tiltak som utvidar den fysiske bruken av strandsona og sjøarealet. Dette inneber ei auka grad av privatisering, noko som ligg i direkte motstrid til dei omsyna som ligg bak tiltaksforbodet i 100-metersbeltet.

Når det gjeld omsynet til allmenn ferdsel og bruk, vurderer administrasjonen at ei flytebryggje vil kunne skape faktiske og opplevde barrierar i sjøområdet. Sjøområde som elles kunne vore nytta til fri ferdsel, opphald eller rekreasjon, vil i større grad stå fram som eit privatisert område. Vi vil her peike på at sjølv mindre tiltak kan over tid bidra til ei gradvis nedbygging og privatisering av strandsona, noko lovverket nettopp skal motverke.

Vidare meiner vi at tiltaket vil innebære ei ytterlegare belastning på landskapsbiletet. Sjølv om området er noko påverka frå før, vil ei flytebryggje vere eit synleg teknisk element som utvidar inngrepet frå land og ut i sjøen. Vi er såleis einige med Statsforvalteren som i brev av 26.05.2026 skriv at det er liten tvil om at flytebryggja og landgangen vil bli synleg frå omgjevnadene, og at dette vil få negativ verknad for strandsoner- og landskapsverdiane. Vi ser med dette at tiltaket bryt med intensjonen om å halde strandsona mest mogleg fri for bygg og installasjonar.

Når det gjeld naturmangfald og miljøomsyn, peikar administrasjonen på at inngrep i sjø, inkludert etablering av flytebryggjer og fortøyingar, kan medføre påverknad på botnforhold, vegetasjon og liv i strandsona, sjølv om tiltaket isolert sett er avgrensa. I område med fleire tilsvarende tiltak vil den samla belastninga kunne bli vesentleg.

Administrasjonen legg òg vekt på at arealbruksføremålet «bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsoner» føreset ein restriktiv praksis for nye tiltak som fører til privatisering og tekniske inngrep i sjøareala. Ei godkjenning av flytebryggje i denne sammenhengen vil etter administrasjonen sitt syn svekkje arealbruksføremålet, ved å opne for ei utvikling der stadig fleire eigedomar får tilsvarende installasjonar.

Vurderinga er at dispensasjon vesentleg tilsidesett omsyna bak strandsonevernet etter pbl. § 1-8 og omsynet bak arealbruksføremålet «bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsoner».

Spørsmålet er om det er «klart» større fordelar enn ulemper med å gje dispensasjon.

I søknaden viser søker til at fordelane ved tiltaket er knytte til behovet for å sikre trygg og føremålstenleg båtåtkomst i eit område som er svært langgrunt, og der det i dag er vanskeleg å leggje til utan tilrettelegging. Samstundes blir det framheva at flytebryggja skal etablerast i direkte tilknytning til eksisterande naust og etablert bruk, og at tiltaket slik står fram som ei vidareføring av dagens situasjon heller enn ei ny utbygging. Søkar peikar vidare på

at tiltaket er avgrensa i omfang, og at det i liten grad vil påverke allmenn ferdsel eller bruk av sjøområdet.

Administrasjonen har vurdert dei momenta som søkjar trekkjer fram, men kan ikkje sjå at fordelane ved tiltaket er klart større enn ulempene, slik det er krav om etter plan- og bygningslova § 19-2.

Vi vil først peike på at det ikkje er fullt samsvar i søkjar si grunngjeving. På den eine sida blir det argumentert med at flytebyggja er ei vidareføring av eksisterande bruk, ved at ho blir etablert i tilknytning til naustet. På den andre sida blir tiltaket grunngjeve som nødvendig for å sikre trygg og føremålstenleg båtåtkomst, noko som nettopp indikerer eit behov som ikkje er dekt i dagens situasjon. Etter administrasjonen si vurdering tyder dette på at tiltaket faktisk representerer ei funksjonell utviding av bruken, og ikkje berre ei vidareføring av eksisterande forhold.

Når det gjeld fordelane, erkjenner administrasjonen at ei flytebyggje kan gi betre tilkomst og auka funksjonalitet for eigedomen. Desse fordelane er likevel i hovudsak av privat karakter, knytte til eigaren si nytte av området. Det blir i mindre grad dokumentert allmenne eller samfunnsmessige fordelar som kan tilleggjast særleg vekt i ei dispensasjonsvurdering. Ulempene ved tiltaket vurderer administrasjonen som meir omfattande enn det søkjar legg til grunn. Ei flytebyggje vil innebere eit nytt teknisk inngrep i sjøområdet, og bidra til auka privatisering og utbyggingspress i strandsona. Sjølv om tiltaket er avgrensa i storleik, vil det kunne skape både faktiske og opplevde hinder for allmenn ferdsel og bruk. I tillegg kjem den samla effekten av liknande tiltak, som over tid kan føre til ei gradvis nedbygging av strandsona, i strid med nasjonale føringar.

Vidare legg administrasjonen vekt på at tiltaket vil ha ein landskapsmessig verknad, ved at inngrepet strekkjer seg frå land og ut i sjøen. Dette bryt med omsynet til å halde strandsona som eit mest mogleg ope og lite nedbygd landskapsrom. Tiltaket vil òg kunne medføre påverknad på naturmiljøet i strandsona, mellom anna knytt til botnforhold og økologiske verdiar. Vi syner òg til at ein dispensasjon i dette tilfellet kan danne ein presedens som gjer det vanskelegare å føre ein restriktiv praksis i tilsvarande saker.

Vurderinga er at det er ikkje «klart» større fordelar enn ulemper med å gje dispensasjon.

3. Andre vurderingar

3.1. Visuelle kvalitetar

Det tiltaket som her er godkjent har etter kommunen sitt skjønne gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til si funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

3.2. Tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

3.3. Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8–12 i naturmangfaldslova. Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå sektormyndene. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova. Kunnskapsgrunnlaget er funnet å vere tilstrekkeleg, jf. § 8.

4. Andre opplysningar



4.1. Mellombels bruksløyve / Ferdigattest

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

4.2. Mynde

Saka er behandla og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

4.3. Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i forvaltningslova (fvl). Du kan klage på vedtaket. jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå du mottar melding om vedtak. Det er nok at klagen din er postlagt innan fristen går ut.

Du må sende klagen skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det blir klaga på i vedtaket, og kva endringar du ønsker. Du må grunngi klagen.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig, eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing

Andrea Heitman Olsen
Leder - Byggesak

Arild Knutsen
Rådgjevar - Byggesak

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg:

124/7, Fusavegen 161 - Søknad om riving av naust, nybygg naust og utlegging av flytebrygge
Følgebrev

Situasjonsplan

Plan, snitt og fasade

Gjennomføringsplan

124/7 - Fråsegn frå Statsforvaltaren i Vestland

Søknad om dispensasjon

Kopi til:

Bergen Havn Farvannsforvaltning Iks	Postboks 6040	5892	Bergen
Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	Bergen
Kystverket	Postboks 1502	6025	Ålesund
Statsforvaltaren i Vestland	Njøsavegen 2	6863	Leikanger

Kopi til:
Vestland Fylkeskommune

Askedalen 2

6863 Leikanger



Sendar (stemplet til forvaltningsorganet)		Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak (Forvaltningslova § 27 tredje leddet)	
		Dato	
③ Mottakar (namn og adresse)		④ Klageinstans	
Denne meldinga gjev viktige opplysningar dersom De vil klage på eit vedtak De er gjort kjend med. Klagerett De har rett til å klage på vedtaket. Kven kan De klage til? Klaga sender De til oss, dvs. det organet som er ført opp i rubrikk . Dersom vi ikkje endrar vedtaket vårt som følgje av klaga, sender vi klaga over til klageinstansen, jf. rubrikk ④. Klagefrist Klagefristen er tre - 3 - veker frå den dagen dette brevet kom fram. Det er nok at klaga er postlagd før fristen går ut. Dersom De klagar så seint at det kan vere uklart for oss om De har klaga i rett tid, bør De oppgje datoen for når De fekk dette brevet. Dersom De klagar for seint, kan vi sjå bort frå klaga. De kan søkje om å få lengre klagefrist, og da må De nemne grunnen til at De ønskjer det. Rett til å krevje grunngeving Dersom De meiner at vi ikkje har grunngeve vedtaket, kan De krevje ei slik grunngeving før fristen går ut. Ny klagefrist blir då rekna frå den dagen De får grunngevinga. Innhaldet i klaga De må presisere – kva for eit vedtak De klagar på – årsaka til at De klagar – den eller dei endringar De ønskjer – eventuelt andre opplysningar som kan ha noko å seie for vurderinga av klaga Klaga må underskrivast. Utsetjing av gjennomføringa av vedtaket Jamvel om De har klagerett, kan vedtaket til vanleg setjas i verk med det same. Men de kan søkje om å få utsett gjennomføringa av vedtaket til klagefristen er ute eller til klaga er avgjort. Rett til å sjå saksdokumenta og til å krevje rettleiing Med visse unntak har De rett til å sjå dokumenta i saka. Reglane om dette finst i § 18 og § 19 i forvaltningslova. De må i tilfelle ta kontakt med oss, jf. rubrikk . De vil då få nærmare rettleiing om retten til å klage, om framgangsmåten og om reglane for saksgangen. Kostnadene med klagesaka De kan søkje om å få dekt utgifter til den advokathjelpa De treng, etter reglane om fritt rettsråd. Her gjeld det visse grenser for inntekt og eige. Fylkesmannen eller advokaten Dykkar kan gje nærmare opplysningar om dette. Dersom vedtaket er endra til Dykkar fordel, kan De etter forvaltningslova ha krav på å få dekt store kostnader som har vore naudsynte for å få endra vedtaket. Klageinstansen (jf. rubrikk ④) vil orientere Dykk om retten til å krevje slik dekning. Klage til Sivilombodsmannen Dersom De meiner at De har vore utsett for urett frå den offentlege forvaltninga, kan De klage til Stortingsombodet for forvaltninga (Sivilombodsmannen). Sivilombodsmannen kan ikkje sjølv endre vedtaket, men kan gje si vurdering av korleis den offentlege forvaltninga har handsama saka, og om dei har gjort feil eller forsømt noko. Dette gjeld likevel ikkje i saker som er avgjorde av Kongen i statsråd. Dersom De no får klaga Dykkar avgjort i statsråd fordi Kongen er klageinstans, kan De såleis ikkje seinare føre saka inn for Sivilombodsmannen.			
Særlege opplysningar			

0073 N (Godkj. 05-95) Elektronisk utgåve